

OSTERØY KOMMUNE  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

---

<b>Dato</b>	23.03.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/28351-103
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Anders Søyland
<b>E-post</b>	Anders.Soyland@vlfk.no
<b>Telefon</b>	40427671

## Tildeling av tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde, Sanatoriet i Haus, Osterøy kommune.

Visar til dykkar søknad på tilskot til tiltak i det statleg sikra friluftslivsområdet Sanatoriet.

Søknadar om tilskott til ordninga tiltak i statleg sikra friluftslivsområde (statsbudsjettet kap. 1420 post 78), blei handsama av Hovudutval for kultur, idrett og inkludering i møte den 22.03.2023, politisk sak 28/2023.

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering har vedteke å løyve 65 000 kr til tiltak i Sanatoriet i Osterøy kommune.

Vedlagt er politisk saksframlegg og samla oversikt over alle søknadane. I oversikta er det gjort ei individuell vurdering av kvar søknad og presisert kva tiltak som kvalifiserer til tilskot.

### Bakgrunn

Ramma for tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde er sett i statsbudsjettet ( kap. 1420, post 78). Rammetildelinga frå Miljødirektoratet til fylkeskommunane er gjort på grunnlag av tal på statleg sikra friluftslivsområde, registrerte forvaltningsplanar, samla kostnad knytt til behov for tiltak og samla søknadsvolum.

Regional plan for kultur 2023-2035 «Kultur bygger samfunn», set mål for tilskot til kultur og idrettsfremål. Tiltaket er forankra i Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024.

Miljødirektoratet tildelte i år 3 820 000 kr til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde i Vestland. I tillegg blei det løyvd 330 000 kr øymerka til tiltak for å betre tilgjengelegheit og universell utforming. Samla sum til fordeling var dermed 4 150 000 kr Innan fristen 1. februar kom det inn 94 søknadar med eit samla søknadsbeløp på 17 213 000 kr Ved fordeling av tilgjengelege tilskotsmidlar er det gjort ei prioritering av dei tiltaka som i størst grad oppfyller kriteria for tilskotsordninga og som gir mest nytte for flest mogleg menneske.

Friluftsområde som ligg i og ved byar og tettstader og som blir, eller har potensial for å bli mykje brukt, er høgt prioritert. Tiltak som gir friluftslivsområda betre universell utforming og lettare tilkomst for personar med funksjonshemningar har og blitt prioritert. I tillegg er det forsøkt å få til ei geografisk fordeling, slik at flest mogleg kommunar i Vestland skal få eit godt tilbod av tilrettelagte friluftslivs-område.

Eit absolutt kriteria for tildeling av tilskott er at tiltaka som det søkast om er oppført i ein forvaltningsplan som er godkjent av fylkeskommunen. Driftsoppgåver, som t.d. regelmessig vedlikehald og ettersyn, kvalifisere etter Miljødirektoratet sine kriteria for ordninga ikkje til tilskot.

**Vilkår for tilskotet**

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med søknaden. Tilskotsmottakar skal gjennomføre rapportering, levering av rekneskap og medverke til kontroll som nemnt under. Tilskotsmottakar pliktar, etter førespurnad, å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningar dei finn påkrevd for sin kontroll. Om føresetnadene ikkje vert oppfylte, kan tilskotet bli avkorta eller falle bort.

**Rapportering**

Sluttrapport for dei einskilde friluftsområda skal leverast gjennom Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter innan 15. januar 2024.

**Brot på vilkår og føresetnadar**

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende. Dersom det er vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt, kan vedtaket verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

**Klage**

Det er ikkje klagerett på vedtak om midlar til tiltak i statleg sikra friluftsområde, då desse ikkje vert å rekna som enkeltvedtak jf. forvaltningslova, då berre kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje.

**Utbetaling**

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura i EHF-format til Vestland fylkeskommune. Vi ber om at dette vert gjort så snart som mogleg, og seinast innan 1. juni.

Elektroniske fakturaadresse: 0192:821311632

Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2023/28351

Ressursnummer: 12564

Beløpet vil bli utbetalt når Vestland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura. Mottakar av tilskottet har sjølv ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvardag for folk i Vestland!

Med helsing

**Britt Karen Spjeld**

Seksjonsleiar

KFO – Fysisk aktivitet og inkludering

**Anders Søyland**

Seniorrådgjevar

KFO – Fysisk aktivitet og inkludering

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*